

Innkalling

| | |
|-----------|-----------------------------------|
| Utval | Stranda kontrollutval |
| Møtestad | Stranda rådhus, formannskapssalen |
| Dato | 22.11.2022 |
| Tidspunkt | kl 16:00 |

Den som har lovleg forfall eller vil ha vurdert habilitet til ei eller fleire av sakene, må melde frå snarast mogleg til sekretariatet på e-post: post@sksiks.no eller på telefon 92611735

Varamedlem møter etter nærare innkalling.

Sakliste

| | |
|----------|--|
| PS 19/22 | Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte |
| PS 21/22 | Meldingar |
| MS 05/22 | Førespurnad om grove sakshandsamingsfeil - Flydal hyttefelt |
| MS 06/22 | Informasjon om kontrollutvalskonferansar 2023 Stranda kontrollutval |
| MS 07/22 | Tilsynsrapport frå Arkivverket - Stranda kommune |
| PS 22/22 | Rapport frå forvaltningsrevisjon 2022 - kvalitet og ressursbruk i grunnskuleopplæringa - Stranda kommune |
| PS 23/22 | Revisjon- og kommunikasjonsplan 2022 Stranda kommune |
| PS 24/22 | Møteplan 2023 Stranda kontrollutval |

Ålesund, 15.11.2022

Helge Kvame
Leiar kontrollutval

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar SKS IKS

Saksframlegg

| | | |
|----------|-----------------------|------------|
| Saksnr. | Utval | Møtedato |
| PS 19/22 | Stranda kontrollutval | 22.11.2022 |

Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

Vedlegg

Møteprotokoll - Stranda kontrollutval - 06.09.2022

Møteprotokoll

| | |
|------------------|---|
| Utval | Stranda kontrollutval |
| Møtestad | Stranda rådhus, møterom formannskapssalen |
| Dato | 06.09.2022 |
| Tidspunkt | kl 16:00 - 17:30 |

Følgjande medlemmer møtte

Anne Melgaard Tårn
Eva Rinde Habostad
Helge Kvame
Per Ingebrigt Karbø
Vebjørn Skog

Møtenotat

Frå administrasjonen møtte økonomisjef Andrea Fivelstad. Frå kommunerevisjonen møtte oppdragsansvarleg revisor Kathrin Haram. Frå sekretariatet møtte Bjørn Tømmerdal.

Stranda kontrollutval valde å flytte neste møte til tysdag 22. november kl. 16.00.

Helge Kvame
Leiar kontrollutval

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar SKS IKS

Sakliste

- PS 14/22 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
- PS 15/22 Orienteringar
- OS 01/22 Revisjonsrapport årsoppgjeret 2021
- PS 16/22 Meldingar
- MS 04/22 Status/oppdatering av forvaltningsrevisjon grunnskuleopplæring
- PS 17/22 Rapportering om forenkla etterlevelseskontroll 2021
- PS 18/22 Budsjetttilråding 2023 frå Stranda kontrollutval

PS 14/22 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

Stranda kontrollutval 06.09.2022

Behandling

STKU - 14/22 vedtak

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

PS 15/22 Orienteringar

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringane til vitande.

Stranda kontrollutval 06.09.2022

Behandling

STKU - 15/22 vedtak

Kontrollutvalet tek orienteringane til vitande.

OS 01/22 Revisjonsrapport årsoppgjeret 2021

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa om årsoppgjeret 2021 til vitande.

Stranda kontrollutval 06.09.2022

Behandling

STKU - 01/22 vedtak

Kontrollutvalet tek orienteringa om årsoppgjeret 2021 til vitande.

PS 16/22 Meldingar

Stranda kontrollutval 06.09.2022

Behandling

STKU - 16/22 vedtak

MS 04/22 Status/oppdatering av forvaltningsrevisjon grunnskuleopplæring

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Stranda kontrollutval 06.09.2022

Behandling

STKU - 04/22 vedtak

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

PS 17/22 Rapportering om forenkla etterlevelseskontroll 2021

Tilråding til vedtak:

Stranda kontrollutval tek rapporteringa om forenkla etterlevelseskontroll innan gjelds- og finansforvaltning til vitande.

Stranda kontrollutval 06.09.2022

Behandling

Nytt punkt 2, foreslått av Helge Kvame,
Kontrollutvalet bed om ei oppdatering frå administrasjonen på arbeidet med nytt finansreglement på møtet 22. november 2022.

Leiar sitt tilleggspunkt og opprinnelig forslag blei samrøystes vedteken.

STKU - 17/22 vedtak

Stranda kontrollutval tek rapporteringa om forenkla etterlevelseskontroll innan gjelds- og finansforvaltning til vitande.

Kontrollutvalet bed om ei oppdatering frå administrasjonen på arbeidet med nytt finansreglement på møtet 22. november 2022.

PS 18/22 Budsjetttilråding 2023 frå Stranda kontrollutval

Tilråding til vedtak:

Stranda kontrollutval tilrår ei samla budsjettramme for kontrollarbeidet på kr 1 434 490

Dette er fordelt slik:

- Kontrollutvalet møtegodtgjersle og kompetanse kr 150 000
- Kjøp av sekretariatstenester (Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS) kr 384 490 (* tal frå 2022)
- Kjøp av revisjonstenester (Møre og Romsdal Revisjon SA) kr 900 000

Forslaget frå kontrollutvalet skal følgje tilrådinga til årsbudsjett fram til kommunestyret, i samsvar med kommunelova §14-3 og § 2 i Forskrift om kontroll og revisjon.

Stranda kontrollutval 06.09.2022

Behandling

STKU - 18/22 vedtak

Stranda kontrollutval tilrår ei samla budsjettramme for kontrollarbeidet på kr 1 434 490

Dette er fordelt slik:

- Kontrollutvalet møtegodtgjersle og kompetanse kr 150 000
- Kjøp av sekretariatstenester (Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS) kr 384 490 (* tal frå 2022)

- Kjøp av revisjonstenester (Møre og Romsdal Revisjon SA) kr 900 000

Forslaget frå kontrollutvalet skal følgje tilrådinga til årsbudsjett fram til kommunestyret, i samsvar med kommunelova §14-3 og § 2 i Forskrift om kontroll og revisjon.

Saksframlegg

| | | |
|----------|-----------------------|------------|
| Saksnr. | Utval | Møtedato |
| PS 21/22 | Stranda kontrollutval | 22.11.2022 |

Meldingar

Underliggende saker

| | |
|-------|---|
| 05/22 | Førespurnad om grove sakshandsamingsfeil - Flydal hyttefelt |
| 06/22 | Informasjon om kontrollutvalskonferansar 2023 Stranda kontrollutval |
| 07/22 | Tilsynsrapport frå Arkivverket - Stranda kommune |

Saksframlegg

| | | |
|----------|-----------------------|------------|
| Saksnr. | Utval | Møtedato |
| MS 05/22 | Stranda kontrollutval | 22.11.2022 |

Førespurnad om grove sakshandsamingsfeil - Flydal hyttefelt

Tilråding til vedtak:

1. Kontrollutvalet tek meldinga om grove sakshandsamingsfeil til vitande.
2. Stranda kontrollutval tek innhaldet i førespurnaden med seg som innspel for val av forvaltningsrevisjon for 2023.

Bakgrunn:

Stranda kontrollutval ved leiar og sekretariatet fekk vedlagte førespurnad frå advokat Ingvar Seth og stadfesting blei sendt frå sekretariatet 20. september 2022. Førespurnaden omhandlar pågåande reguleringsendring for Flydal hyttefelt og tar opp fleire høve både knytt til innspel til planen og Stranda kommune sin sakshandsaming. Førespurnaden frå advokat Seth er ein kopi av brev han har sendt Statsforvaltaren i Møre og Romsdal på vegne av sine klientar. Han bed blant anna om at prosessen stoppast og at prosessen overlatast til ein annan kommune.

Kontrollutvalet bør på sitt møte 22. november 2022 diskutere om denne førespurnaden er slik at ein ønskjer å sjå nærare på den eller deler av den, og om det i så fall om den kan definerast å ligge innanfor kontrollutvalet sitt ansvar og mynde. Sekretariatet legg ved "trafikklysmodellen" som eit hjelpemiddel for kontrollutvalet i denne diskusjonen.

Kontrollutvalet bør være varsam med å gå inn på enkeltsaker spesielt der sakene fortsett er under handsaming og er sendt over til andre offentlege organ (her Statsforvaltaren). Kontrollutvalet kan likevel sjå om noko kan definerast som systemsvikt og forsøke å finne årsaka til dette.

Ei mogleg tilnærming for kontrollutvalet i Stranda kan være å tinge ein forvaltningsrevisjon av saksførebuing og offentleg sakshandsaming i Stranda kommune.

Føremålet med forvaltningsrevisjonen kan være å undersøkje om Stranda kommune har system og rutinar som sikrar ei forsvarleg saksførebuing av politiske saker, om førespurnadar frå innbyggjarane i kommunen blir svara på i samsvar med lovkrav, og om kommunen praktiserer offentleg sakshandsaming.

Vedlegg

Henvending om sakshandsaming i Stranda kommune

Kopi av brev til Statsforvaltaren om sakshandsaming Stranda kommune

Stadfesting på mottatt førespurnad om sakshandsaming Stranda kommune

trafikklysmoell kontrollutval

Saksframlegg

| | | |
|----------|-----------------------|------------|
| Saknr. | Utval | Møtedato |
| MS 06/22 | Stranda kontrollutval | 22.11.2022 |

Informasjon om kontrollutvalskonferansar 2023 Stranda kontrollutval

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunn:

Det er som kjent to organisasjonar i Norge som står for kompetansepåfyll og faginformasjon spesielt retta mot kontrollutvalet sitt kontrollarbeid i kommunane.

Det er NKRF - kontroll og revisjon i kommunene (tidlegare Norges kommunerevisorforbund) og Forum for kontroll og tilsyn (FKT). Begge desse arrangerer i 2023 kvar sin konferanse retta mot kontrollutvala som målgruppe.

NKRF - kontroll og revisjon i kommunene har sin Kontrollutvalskonferanse 1. og 2. februar 2023 på Gardermoen. Her er påmeldingsfristen **15. desember 2022**.

Forum for kontroll og tilsyn held sin fagkonferanse for kontrollutval 31. mai og 1. juni 2023 i Trondheim. Påmeldingsfrist ikkje sett endå.

Under finn de lenkje til der de kan finne meir informasjon om program og påmelding.

I kontrollutvalet sitt budsjettforslag for kontrollarbeidet er det sett av midlar til kompetanse og opplæring for at kontrollutvalet sine medlemmar skal kunne delta på ein slik fagkonferanse.

De må sjølve stå for påmelding om de ynskjer å delta, og bli einige innad i utvalet kven og om de skal delta. Sekretariatet kan vidareformidle meir informasjon om konferansane etter kvart som organisasjonane har informasjonen klar.

Lenker:

NKRF – kontroll og revisjon i kommunene sin konferanse: NKRF – kontroll og revisjon i kommunene.

Forum for kontroll og tilsyn (FKT) sin konferanse: Fagkonferansen 2023, 31. mai -1. juni - Forum for kontroll og tilsyn (fkt.no)

Saksframlegg

| | | |
|----------|-----------------------|------------|
| Saksnr. | Utval | Møtedato |
| MS 07/22 | Stranda kontrollutval | 22.11.2022 |

Tilsynsrapport frå Arkivverket - Stranda kommune

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunn:

Det vert gjennomført statleg tilsyn med kommunar på ei rekkje ulike områder. Statleg tilsyn og kommunal eigenkontroll har det til felles at dei skal medverke til at kommunen løyser sine oppgåver innanfor rammene av lover og forskrifter.

Det er nyttig for kontrollutvalet å vere orienterte om kva arbeid som er gjort knytt til statlege tilsyn, slik at dei kan bruke informasjonen inn i eige arbeid. Der kan vere synergjar og kompetanseoverføring frå eit tilsyn som kontrollutvalet kan nytte når utvalet skal bestille forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll eller andre kontrollhandlingar.

Vedlegg

Rapport frå Arkivverket - tilsyn med arkivtenesta Stranda kommune 2022

Saksframlegg

| | | |
|----------|-----------------------|------------|
| Saksnr. | Utval | Møtedato |
| PS 22/22 | Stranda kontrollutval | 22.11.2022 |

Rapport frå forvaltningsrevisjon 2022 - kvalitet og ressursbruk i grunnskuleopplæringa - Stranda kommune

Tilråding til vedtak:

1. Kommunestyret i Stranda sluttar seg til dei 6 tilrådingane (kulepunkta) som revisor gjev i rapport frå forvaltningsrevisjon på ressursbruk innan grunnskuleopplæringa.
2. Kommunestyret ber kommunedirektøren om å sette i verk arbeidet med dei 6 tilrådingane (kulepunkta) i tråd med anbefalingane frå kommunerevisjonen og kontrollutvalet.
3. Kommunestyret ber kommunedirektøren om å rapportere til kontrollutvalet på iverksette tiltak knytt til dei 6 nemnde kulepunkta innan første halvår 2023.

Bakgrunn:

Forvaltningsrevisjon er eit verktøy som kommunestyret og kontrollutvalet skal nytte for å sikre at kommunen på best mogleg måte tek omsyn til innbyggjarane sine behov og rettar. Forvaltningsrevisjon er ei av dei pålagde oppgåvene til kontrollutvalet. I kommunelova § 23-3 første ledd blir forvaltningsrevisjon definert som systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, regelleterleving, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak.

Stranda kontrollutval gjorde i sitt møte 29. mars 2022 følgende vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner skissa for forvaltningsrevisjon innan kvalitet og ressursbruk i grunnskuleopplæringa i Stranda kommune, med den framdriftsplan og ressursbruk som er skissert.

Utvalet ber sekretariatet kvalitetssikre at dei moment som kjem fram i møtet vert tatt inn i prosjektskissa.

Kontrollutvalet ber om at forvaltningsrevisor held sekretariatet informert undervegs og at utvalet vert orientert om der er behov for vesentlege endringar i prosjektet.

Vedtaket var forankra i kommunestyret sitt vedtak i saka om Plan for forvaltningsrevisjon som var handsama i Stranda kommunestyre 23. september 2020 (sak 063/20) i tråd med innstillinga frå kontrollutvalet. I kommunestyresaka blei ressursbruk i grunnskuleopplæringa vald som eit av tre prioriterte områder for forvaltningsrevisjon.

Problemstillingar i rapporten og revisors funn (for den fullstendige vurderinga blir det vist til rapporten)

Problemstillingane for forvaltningsrevisjonen har vore:

1. Tilbyr Stranda kommune tilpassa opplæring i ordinær undervisning i tråd med opplæringslova og anbefalingar på området?
2. Har Stranda kommune undervisningspersonale som oppfyller kompetansekrava for undervisning i grunnskulen?
3. Kartlegging: Om skulemiljø i Stranda kommune

På fyrste problemstilling svarar revisjonen følgande:

Etter vår vurdering gjer Stranda kommune mykje bra innan tilpassa opplæring i ordinær undervisning. Lærarane tar kartleggingsprøver og testar gjennom året for å vurdere læringa til eleven. Skulane har uformelle, og formelle samtalar med elevane og dei føresette.

Vi konkluderer med at lærarane gjev elevane både skriftlege og munnlege undervegs-vurderingar. Dei gjev tilbakemeldingar om eleven sine styrker, og kva dei må arbeide med når det kjem til det faglege, på sosiale tema og deira åtferd. Lærarane gjer mykje for elevane i klasserommet, gjennom samtalar, foreldremøte og tverrfagleg samarbeid knytt til tidleg innsats.

På andre problemstilling svarar revisjonen følgande:

Våre undersøkingar viser at skulane ikkje fyller krav til kompetanse. Rektorane ved skulane og kommunalsjef fortel om krevjande rekruttering til skulane noko som går utover krav til kompetanse.

På tredje problemstilling svarar revisjonen følgande:

I det siste kapittelet har vi henta inn informasjon om Stranda kommune sitt arbeid med skulemiljø. Det er laga eit omfangsrik, skriftleg system for å ivareta skulemiljøet, og vi ser at dette har dei jobba mykje med.

Revisors sine tilrådingar:

1. Utarbeide felles skriftlege rutinar for intensivopplæring på skuleeigarnivå og skulenivå.
2. Prioritere å ferdigstille og legge ut årshjul om kartlegging/overordna dokument i Compilo slik at det er tilgjengeleg for alle skulane.
3. Evaluere og kvalitetssikre flytskjemaet «Skjema for samarbeid mellom skule og PPT» for å sikre godt samarbeid mellom skulane og PPT.
4. Kartlegge om det er tiltak som no blir gitt som spesialundervisning, som heller kan bli gitt som tilpassa opplæring i ordinær undervisning.
5. Ferdigstille tilstandsrapport for skuleåret 2021/2022.
6. Arbeide vidare med å rekruttere kvalifisert personale, og at det klargjerast kva slags lærarar som skal registrerast i GSI, slik at alle skulane gjer det likt.

Sekretariatet si vurdering om rapporten svarar på bestillinga:

Sekretariatet vurderer at rapporten svarer på dei bestilte problemstillingane, og elles er i samsvar med bestillinga frå kontrollutvalet. Det blir foreslått at utvalet innstiller til kommunestyret på at kommunestyret ber kommunedirektøren følgja opp tilrådingane i rapporten i 6 punkt

Sekretariatet tilrår at det blir gitt ei skriftleg tilbakemelding til kontrollutvalet våren 2023 der kommunedirektøren kan orientera om status i arbeidet og sine vurderingar knytt til oppfølginga av enkelte tilrådingar.

På bakgrunn av denne tilbakemeldinga kan kontrollutvalet eventuelt vurdere vidare oppfølging av temaet.

Rapporten har vore forelagt kommunedirektøren slik lovverket krevjer. Som det går fram av rapporten på side 28 høyring, hadde kommunedirektøren ingen kommentarar til framlagt høyringsrapport.

Prosjektplanen skisserte ei ramme på ca 250 timer. Endeleg timetal er på rundt 270 timer. Denne auka kjem av kontrollutvalet sitt eget ynskje om å sjå nærare på skulemiljøet.

Timeanslaget inneheld utarbeiding av avgrensa og spissa problemstillingar ut frå prosjektplan, datainnsamling og analyse, samt utarbeiding og kvalitetssikring av rapport. Estimert timebruk omfattar også presentasjon av ferdig rapport for kontrollutvalet.

Vedlegg

Rapport frå forvaltningsrevisjon 2022 av kvalitet og ressursbruk i grunnskuleopplæringa -
Stranda kommune

Saksframlegg

| | | |
|----------|-----------------------|------------|
| Saksnr. | Utval | Møtedato |
| PS 23/22 | Stranda kontrollutval | 22.11.2022 |

Revisjon- og kommunikasjonsplan 2022 Stranda kommune

Tilråding til vedtak:

Stranda kontrollutval tek framlagte revisjon- og kommunikasjonsplan 2022 til vitande.

Bakgrunn:

Revisjon av årsrekneskapen og årsmeldinga er ein sentral del av eigenkontrollen i kommunen. Revisor skal gje tryggleik for at ein kan stole på informasjonen kommunen gjev om økonomien og bruken av midlar. Dette er ei viktig oppgåve.

Revisor er ein uavhengig og objektiv tredjeperson som gjennom sine kontrollar kan avdekkje og førebyggje feil og manglar i den økonomiske rapporteringa. Revisor vil i tillegg rettleie kommunen for å førebyggje og avdekkje feil og mislege handlingar.

Vurdering:

Det er eit krav at revisor skal utarbeide ein plan for korleis revisjonen skal gjennomførast. Revisjonsplanen byggjer på ein overordna revisjonsstrategi som skildrar føremål og omfang på revisjonen, når revisjonen skal utførast og kva angrepsvinkel den skal ha. Revisjonsplanen og strategien skal byggje på ei risiko- og vesentlegvurdering. Det er mange forhold som inngår i denne vurderinga, mellom anna endringar i oppgåver, tenester og organisering i kommunen, og om eit område har blitt revidert tidlegare år.

Planen vil mellom anna omfatte dei rekneskapsområda og rekneskapspostane som vil inngå i den årlege revisjonen. Einskilde område vil som regel inngå i revisjonsplanen kvart år. Dette gjeld til dømes store inntekts- og utgiftspostar som skattar, rammetilskot, løn og innkjøp.

Vidare skildrar revisjonsplanen kva revisjonshandlingar revisor skal utføre innan dei einssilde områda, og tidspunkt for gjennomføring.

Sekretariatet vurderer at revisjonsplanen gir kontrollutvalet oversikt over kva revisjonen som vert utført og kva dette inneber. Dette gir eit betre grunnlag for kontrollutvalet til å stille spørsmål, og for å vurdere om kontrollutvalet ser behov for å utføre ytterlegere kontrollhandlingar. Oppdragsansvarleg revisor Kathrin Haram frå Møre og Romsdal Revisjon SA vil i møte 22. november 2022 presentere planen og diskutere med kontrollutvalet utvalde risikoområder.

Vedlegg

Revisjon og kommunikasjonsplan 2022 - Stranda kommune

Saksframlegg

| | | |
|----------|-----------------------|------------|
| Saksnr. | Utval | Møtedato |
| PS 24/22 | Stranda kontrollutval | 22.11.2022 |

Møteplan 2023 Stranda kontrollutval

Tilråding til vedtak:

1. Første møte i Stranda kontrollutval i 2023 vert tysdag 7. februar kl. 16.00.
2. Saka om møteplan for 2023 blir å ta opp att på fyrste møte i 2023 for å samordna datoane med kommunen sin øvrege møteplan.

Bakgrunn:

Det er viktig å sørge for at kontrollutvalet har tilstrekkeleg med møte, slik at kontrollutvalet kan utføre og følgje opp dei oppgåver som er naudsynt for å sikre forsvarleg kontroll.

Vurdering:

Kontrollutvalet bør planleggje sine møter slik at det ikkje går for lang tid frå eit møte til det neste, sakene som kjem opp kan då miste sin aktualitet. Og at samanhengen med kommunestyremøta er der, slik at det ikkje er gamalt nytt som vert rapportert frå kontrollutvalet.

Kontrollutvalet har faste oppgåver gjennom året som gjer det naturleg at kontrollutvalet har eit minimum av møte.

Når ein fastlegg datoane for kontrollutvalet sine møter er det viktig å tenkje på:

- samordning av kontrollutvalsmøta med kommunestyremøta
- tidspunkt for godkjenning av utvalet si årsmelding
- tidspunkt for rapportering frå rekneskapsrevisjon
- frist for uttale til revisjonsmelding, årsrekneskap og årsmelding
- fristar for handsaming av budsjett for kontrollarbeidet

Det kan også være aktuelt med møte i tillegg til møteplanen om situasjonen krev det. Det er viktig at kontrollutvalet finn datoar som passar for alle medlemmane. Det å ha ein møteplan sikrar forutsigbarhet og gjer at innbyggjarar og politikarar lettare kan følgje arbeidet til kontrollutvalet. Møteplanen vert kunngjort på kontrollutvalet si heimeside og med lenkje på kommunen si heimeside.

Sidan møteplanen 2023 for kommunen (kommunestyre og formannskap) ikkje er ferdig i skrivande stund meiner sekretariatet at det er naudsynt å kjenne desse datoane før endeleg møteplan for kontrollutvalet vert bestemt. Difor gjer oss i denne saka kun framlegg om første møte i 2023 og at saka om møteplan blir tatt opp att når kommunen sine datoar er kjend.